

A photograph of a man and a woman smiling. The man is on the left, wearing a light-colored zip-up hoodie. The woman is on the right, wearing a white textured sweater and pearl earrings. They are both looking towards the camera.

Ordførar Helge
blei kjærast med
asylsøkar Hana

Ho har
eit godt
hjarte

I 2009 flytta tre asylsøkarar frå Afrika inn i huset rett over vegen for Helge Steinsvåg (44), ordførar i Strand i Rogaland. Til slutt var Helge og Hana Shushan (33) frå Tripoli i Libya så førelska at naboskapet blei til sambuar-skap. Og to sonar seinare går det no mot bryllaup.



Tekst og foto:
Heidi Hjorteland
Wigestrånd
Foto:
Jan Nordtveit

HJEMMET REPORTASJE

Hana kom til Jørpeland i Rogaland i 2009. Der blei ho etter kvart busett i eit hus i Østvollvegen, saman med to andre kvinner frå Afrika.

I huset like over vegen budde Arbeiderparti-ordførar Helge Steinsvåg, og han kom straks på talefot med dei nye naboane.

– Eg er ein kar som likar å drøse med alle i nabolaget, og eg gjorde ikkje noko unntak for Hana og dei to andre i huset, fortel han.

Roser på døra

Paret bur framleis i same gata. No bur dei i huset til farmora og farfaren til Helge. Det er fyr i omnen, dei har sett fram sukeressar og småkaker, og det er tid for å tenkja tilbake på den første tida. Raske blikk og smil blir utveksla mellom dei to, over ei skål med avklipte roser som er satt på bordet.

Og kanskje det begynte slik, med søte, angande roser leverte på døra av ein ordførar som hadde fått dei i samband med jobben, men som tenkte dei kunne gleda kvinnene i nabohuset meir enn han.

Både konfektoskjer og andre gaver som var blitt han til del gjennom jobben, skifta hender. Det blei prata og smilt, og gradvis blei Hana og Helge betre kjende.

Januar kom med Jonas

Dei brukte god tid på prosessen, først i januar 2012 flytta dei saman. Men så gjekk det fortare. I september same året blei dei foreldre til Thomas. No i januar kom son nummer to, Jonas, som då Hjemmet besøkte familien framleis låg til morgning i Hanas mage. I tråd med libysk skikk vil han få morsmjølk lenge.

– Dei sluttar når dei byrjar på skulen, spørker Helge.

Og når det vårar, skal ho begynne å øvingskøyre.

Helge er under eit sterkt giftepresa, skjønar me. Hana smiler lurt og Helge løfter opp hendene, for han har overgitt seg; det er berre eit spørsmål om å finne dato.

– Men då er det ho som skal få gå ned på kne og fri også, seier han leande.

Om dei ikkje har feira bryllaup ennå, feira dei stort då Hana endeleg fekk permanent opphold i april 2014.

Ein god og snill mann

Hana fortel ho fall for Helge fordi han er ein snill og god mann. Helge la merke til at Hana hadde eit godt hjarte, at ho bryr seg om folk. Dessutan stemte kjemien. Dei fann tonen, rett og slett.

Helge skjønar at det vekte oppsikt då dei to blei eit par. Han var difor snar med å invitere lokalavisa heim for å vise omverda at dette hadde gått føre seg på vanleg vis, og at dei lever som ein normal familie, sjølv om han har ein jobb litt utanom det vanlege. Ingen har reagert negativt, fortel dei.

Førebels er Hana ikkje i jobb. Først vil ho skulere seg meir i språket, sidan er draumen å arbeide med matlaging, eller drive eigen butikk, med mat og grønnsaker frå heimlege trakter.

Av og til er ho med Helge på representasjonsoppdrag.

– Me hadde eit fantastisk opphold på Flor og Fjære i samband med Norway Chess i fjor. Då blei Hana og eg valde til å stå ytst på kaien for å ta imot sjakkspelarane då dei kom. Eg hadde ordførarkjetet på og Hana stod der i ein nydelig, gul kjole. Me helseste på heile verdselen i sjakk, fortel ein synleg stolt Helge, og gløttar bort på sambuaren.

Arabisk og norsk

Dei blei kjent på engelsk, men no er det norsk som rår i heimen når alle tre er samla.

– Hana har endåtild lært seg nokre stygge ord, men det same har eg på arabisk, skøyar Helge.

Hana og sonen snakkar arabisk når dei er på tomannshand.

Ho kjenner seg velkommen i samfunnet og har lært seg å setje pris på å gå søndagstur, sjølv om Helge meiner ho klagar litt sist dei var ute og gjekk.

– Var det rart då, med den magen, parerer Hana som kan styre seg for norsk vinterkulde, innandørs i alle fall.

Til tider er ho nær ved å fyra Helge ut or stova, som ifølgje ektemannen kan oppnå tropiske varme.

Hana set stor pris på naboen sin hane, som vekkjer dei om morgonen, fordi det minner henne om heimstaden. Helge

GLIMT I AUGET: Helge og Hana har det kjekt saman, men det kan også falle nokre hissige gloser i blant. Ein god krangels reinsar lufta, meiner dei.

har eit meir avmålt forhold til galinga, men han elskar nabølaget sitt. Her sprang han rundt som liten gut, og her skal hans søner snart springe rundt – i eit atskillig meir fleirkulturelt samfunn enn på 1970-talet.

Mor og barn først

– Då var det helst berre nordmenn her. På søndagsturane til Jørpelandsholmen deltok berre innfødde i min barndom. Nyleg var Hana, Thomas og eg der. Med oss hadde me ei uigurjente og ein gut frå Benghazi. Og koner frå Asia eller andre stader er ikkje lenger noko spesielt. Verda har komme til oss. Alt er forandra, og det til det betre, understrekar Helge Steinsvåg.

Helge har nå tre søner. Den eldste, frå eit tidlegare forhold, er vaksen og studerer i Bergen. Ordføraren synest det er kjekt å få prøvd seg som småbarnsfar att.

– Jonas kom så raskt at det var like før han blei fødd i du-sjen på sjukhuset, fortel den stolte trebarnsfaren.

Som ordførar har han ein så pass fri jobb at han ikkje tek ut ordinær pappaperm.

– Det er litt vanskelig i ein jobb som min, og særleg når det er valår. Men mor og barn er likevel alltid førsteprioritet. Og heldigvis har me storfamilien min i nærleiken, som kan trø til når det trengst. Så dette går bra, forsikrar han.

hjemmet@egmont.com

